

## LITT OM TOR VILLAND

Tor Villand står i Holssoga som ein spesiell person – truleg Hols største forteljar og tradisjonsberar gjennom alle tider – den beste læraren i Hol vart det sagt – den mest kunnskapsrike i segn og soge og ein læremeister i gamal sed og skikk og i gamal kyrkjeleg song.

Tor er født i Hovet – ingen veit heilt sikkert kvar. De skjedde 16. februar 1806. Far til Tor var Knut Asleson frå Aslegard i Skurdalen f. 1738. Mor hans, Ragnhild Lybekk, f. 1778 var dotter av Ingeborg Knutsdotter Lybekk, som også var født utanfor ekteskap, og faren var Svein Asgrimson Søre Rue.

Ragnhild vart gift med Knut Aslegard i 1806, same året som Tor vart født. Namnet Lybekk følgde Tor heile livet – han vart ofte kalla Lybekk-Tor. Lybekk var ein liten plass like ved Dalabakken aust for Hagafoss og var sjølstendig bruk i 5 år, frå 1804 til 1809. Sidan var det slåttemark til Mølnedalen – der Dalingen i si tid heldt til – og til Åkremyre.

Faren Knut døydde då Tor var 3 år gamal, og då skiftet var etter han, budde familien på Mørk i Hovet. Arven Tor og mora fekk var på 5 skilling. Dei to levde vidare i svært tronge kår – dei budde på ein bitte liten plass under Nedrejordo som heitte Røvshølu. Mora fekk slå ein liten teig like ved som den dag i dag heiter Ragnhildteigen etter henne.

Ein av dei næraste grannane var velstandsmannen Elling Tolleivson Villand på Søre Villand, og der vart Tor snart gjeslegut, og derifrå tok han etternamnet Villand.

Tor vart lærar på den måten at Elling Villand var med i skulestyret, og han var også presten sin medhjelpar. Ein gong var det vanskeleg å få nokon lærar og då seier Elling: «Eg har ein gjeslegut eg som det er godt hovud på. Eg undrast um me ikkje kunde ta han.» Og slik vart det. Tor gjekk i lære hjå Bjellaklokkaren Holge Iversen frå han var konfirmert. Etter 8 veker reiste han til Ringerike for å avleggje eksamen for prosten. Han var lærar fleire stader i kommunen, men lengst i Holet krins. Han var så flink at han fekk ekstra lønstillegg.

Tor var ordensmann til fingerspissane. Han var klokkar i Ål og Hol frå 1846–1851. Tor var fæl til å leggje seg borti det meste – han visste koss alt skulle vera etter gamal skikk. Han fekk derfor også tilnamnet Sysle-Tor.

Språk og grammatikk var hans sterkaste side. Den boka han likte best å lesa var Goethe si «Faust» – det skal ikkje vera det lettaste stoffet å gi seg i kast med!

Rykta om Tor sine kunnskapar nådde langt, og han fekk besøk av Ivar Aasen når han var her på samlarferder, professor Kierulf og Ludvig Mathias Lindeman.

Tor kunne alt om alle slekter i Hol 6 attled attende blir det sagt. Han sysla med samanliknande dialektforskning og utarbeidde ein studie for hallingdialekten. Tor var bygdas leksikon.

Dessverre var han litt for glad i å drikke, noko som førde til at han vart sagt opp som lærar i 1858. Han heldt fram som kyrkjeverge og styrar for fattigkassa. Gift vart han aldri, men han hadde eit par damer buande hjå seg, Rabbe Ragnhild, Trinte Sigrid og Trinte Kari. På sine eldre dagar budde han ei tid i eit kammers i gamlestugu på Nordre Nestegard, seinare fekk han sett opp ei lita stugu hitafor stolhuset i Prestegarden. Her vart han gode vener med alle prestane og deira folk, og fleire av dei har skrive om møta med Tor.

Ove Ove kom hit i 1886 4 år gamal – reiste herifrå 13 år gamal – vart godt kjent med Tor og har skrivi:

*På prestegården bodde den gang i en egen liten stue – tidligere omgangskolelærer og klokker i Hol Tor Villand. Det var en gammel meget original mann som i sin tid hadde spilt ikke liten*

rolle i Hol. Han var den selvskrevene fyritalsmann og seremonimester ved festlige anledninger. Han dikterte hvordan alt skulle foregå i hjemmet ved bryllup, gjestebud og ikke minst begravelser. Han hevdet gammel skikk og tradisjon, og Tor ble vred hvis ikke alt gikk etter hans pipe. Slik som han bestemte det – slik skulde man tale, og slik måtte man gjøre. Helt opp i den høye alder av 89 år hersket Tor suveren ved slike tilstelninger, og han tok seg selv meget alvorlig. Han var pussig å se på når han dro av sted i sin stas – kanskje enda pussigere «dagen derpå» – når tømmermennene herjet i hodet hans. For Tor var ikke noen kostforakter på noen måte, men da skulde man helst ikke snakke til ham.

I alminnelighet var det hyggelig inne hos Tor, og han var svært til å prate. Helst om gamle ting og om Hallingmålet og dets grammatikk. For på det området var Tor en lærd mann, og han fikk ofte besøk av våre språkforskere. Av aviser holdt Tor «Ørebladet». («Ørebladet», konservativt dagblad i Oslo. Grunnlagt av grosserer W. Konow 1891. Kjøpt av «Tidens Tegn» 1924. Red. merknad) Og det varte jo ikke lenge før jeg oppdaget at det var en ganske annen underholdende avis enn «Aftenposten», «Verdens gang» eller «Buskeruds blad». Nei, Ørebladet det var avis. Der sto det da noe som både Tor og jeg likte. Det varte derfor ikke så lenge før det ble til at jeg leste høyt for Tor, og når det så var noe riktig spennende så knegget og humret han riktig fornøyet. Så fant han gjerne fram to bittesmå glass, som han fylte med gammelt surt øl, og så karvet han opp små spikjikjøtbiter og spanderte.

Den store samlaren O.M. Sandvig hylla Tor Villand som ein av dei fremste til å berge kyrkjeleg sangtradisjon: «De melodier Lindeman skrev opp, gir oss på et vis det vakreste bilde av Tor Knutsson Villand. Uerstattelige verdier er reddet gjennom ham, som trofast bevarte i kjærlig erindring den storladne, kunsterisk eiendommelige sang som engang lød i hans fedres kirke.»

Tor døydde blind i 1897 – 91 år gamal.